



**VERDSARV**  
Vestnorsk fjordlandskap

## PRESSEMELDING

Aurland/ Geiranger 8. mai 2017.

*Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremje verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap. Rådet skal sikre samordning og medverke til naudsynt informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda. Rådet har som målsetjing å vere ein viktig arena for drøfting, rådgjeving og avklaring i saker for oppfylging av verdsarvstatusen. Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskriven på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv – sjå [www.verdensarv.com](http://www.verdensarv.com)*

## KULTURLANDSKAP I FARE!

**Attgroing trugar Verdsarven.**

**Korleis skjøttar nasjonen Noreg ansvaret sitt for å ta vare på eigen verdsarv?  
Korleis kan vi ta vare på kulturlandskapet for framtida?**

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap manar til felles innsats for å stoppa attgroinga som trugar verdsarvområda. Stadig færre aktive bønder, og ei lange rekke med bruk som vert lagt ned, vil på sikt endra kulturlandskapet i verdsarvområda radikalt om ikkje noko vert gjort.

Kulturlandskapet i verdsarvområda er ein viktig del av arven me er sett til å forvalta og ein viktig del av den opplevinga verdsarven byr på. Det unike ved Vestnorsk fjordlandskap er at det bur folk i husa. Ein levande verdsarv, byggjer på levande bygder der folk bur.

Vår konklusjon er klar, og alle utgreiingar peikar i same retning, nemleg at det er aktiv, husdyrbasert landbruksdrift som er den langsiktige løysinga for å ivareta kulturlandskapet. Difor må det vera mogleg og leveleg å driva med landbruksdrift også i verdsarvområda våre.

Med dette bakteppet vil me setja «kulturlandskapssaka» på dagsorden att. Sentralt i denne satsinga er styrking av den sjølvgåande, husdyrbaserte landbruksverksemda i og kring verdsarvfjordane.

Som eit tiltak vert det no gjennomført eit dagsseminar i Geiranger den 15. mai med faglig dyktige innleiarar og engasjerte politikarar som set søkelys på ivaretakinga av kulturlandskapet og kva som kan vere moglege løysingar på utfordringane. Seminaret vert avslutta med ein paneldebatt leia av Geir Helljesen kor politikarar frå lokalt til nasjonalt nivå vert utfordra på løysingane.

Målsetjinga er i denne omgang å få nok medie - og politisk fokus slik at saka atter ein gong kjem på den nasjonale agendaen. Fjordane våre, og i sær verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, er rekna å vera mellom dei vakraste fjordlandskapa i heile verda. Då har me ikkje råd til å la det forfalla i takt




**VERDSARV**  
Vestnorsk fjordlandskap

med synkende landbruksaktivitet. Me står framfor ein alvorleg situasjon, mykje står på spel, difor må saka opp og fram og dei politiske prioriteringane må synleggjerast!



Hans Erik Ringkjøb – Leiar av Verdsarvrådet og ordførar i Voss kommune har fylgjande kommentar:

*”Me kan ikkje sitja stille og sjå på at bruk vert lagt ned og at bøndene ikkje finn det attraktivt å driva landbruk i verdsarvområda. På sikt vil verdsarvfjordane endrast totalt, og dei levande bygdene kan gå frå å vera stadar der folk bur, til kulissar eller museum frå ei svunne tid.”*



Arne Sandnes, ordførar i Norddal kommune har fylgjande kommentar:

*«Verdsarvstatusen for Vestnorske fjordlandskap er noko vi har fått på lån. Kulturlandskapet, som viser far etter folk, er ein viktig del av arven. Kulturlandskapet demonstrerer handborne mestringsstrategiar og formidlar historie som gir grunnlag for moderne «story-telling». Kulturlandskapet er ikkje hogd i fjell. Det endrar seg og forsvinn som ein moderne «snapchat» viss det ikkje vert teke vare på. Berre eit landbruk basert på husdyrhald kan sikre kulturlandskapsverdiane. No er dei truga på grunn av attgroing. Det betyr at verdsarvstatusen kan bli teken ifrå oss. Det er topp dramatisk ! Vi må vekke stasmakta før det er for seint . Klokka er alt fem på tolv !»*

Program for seminaret pr. 8. mai ligg ved. For nærare dialog kring saka vert det vist verdsarvsekretariatet ved Erling Oppheim, Nærøyfjordområdet, og Merete Løvoll Rønneberg, Geirangerfjordområdet

**Pressekontakt:**

Hans Erik Ringkjøb, ordførar i Voss kommune og leiar av Verdsarvrådet, tlf: 971 38 720.

Jan Ove Tryggestad, ordførar i Stranda kommune og nestleiar i Verdsarvrådet, tlf: 464 11 001.

**Kontaktinfo Verdsarvsekretariatet:**

Sekretariat Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap/

Sekretariat Nærøyfjordområdet:

Erling Oppheim, Tlf: 95 17 25 95, Epost: [erling@naroyfjorden.no](mailto:erling@naroyfjorden.no)

Sekretariat Geirangerfjordområdet:

Merete L. Rønneberg, Tlf: 95 42 73 90, Epost: [merete@verdsarvfjord.no](mailto:merete@verdsarvfjord.no)